



Råstoff utvinning

- 2.32 For område avsett til råstoffutvinning/ masseuttak eller vesentleg utviding av eksisterande uttak kan det ikke setjast i verk arbeid eller tiltak som er nemnt i plan- og bygningslova kap. 20 eller gjennomførast frådeling til slike føremål før området går inn i ein reguleringsplan. Reguleringsplan skal innehalde krav om driftsplan. Driftsplan skal regulere tilhøva før, under og etter driftsperioden, og det skal gå fram korleis området skal sjå ut etter ferdig uttak. Område med lausmassar skal i størst mogeleg grad førast tilbake til opphavleg bruk.

Heimel: Pbl § 11-9 nr. 1 og nr 8

Planskildring s 45 KPA:

Sone med angitte særskilte omsyn (c)

Bevaring av naturmiljø:

H560_71 Loneelvi. Det er lagt omsynssone over Loneelvi og sidebekkar, 50 meter frå vasstreng. Her må alle tiltak vurderast opp mot moglege konsekvensar på vasskvalitet for elvemusling. Tiltak som kan ha effekt på elvemuslingen må i tillegg til løyve frå særlov òg avklarast i forhold til elvemusling-forskrifta. Dersom omsøkt tiltak kan føre til reduksjon i vasskavalitet, kan det i mange tilfelle vere tilstrekkeleg å gjennomføre mellombelse førebyggande tiltak for å redusere tilsig av ureina vatn til vassdraget i anleggsperioden (avskjeringsgrøster, sedimenteringsbasseng m.m).